

# Nye vegadressar i Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal



## Tildeling av vegadresser i Sogn

*Sogn regionråd med kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal har vedteke at det skal tildelast offisielle vegadresser. Prosjektet fikk støtte frå Fylkesmannen med fornying og utvikling midlar. Vegadressene og skilt skal sørge for at alle på en lett og forståeleg måte kan finne fram til bygningar, bustader og andre aktuelle stader. Formålet med prosjektet er å få eit einsarta vegadressesystem i regionen i samsvar med nasjonale mål.*

*Regionen skal vere eit samla område ved tildeling av offisielle adresser. Det inneber at adressene i dette området vert unike, at retningslinjene er like i alle kommunar og at namnsetjinga er samordna med felles rutinar og praksis.*

## Kva er offisiell adresse?

- Ei offisiell adresse er den fullstendige adressa for ein bygning, bygningsdel, brukseining, eigedom eller eit anna objekt som er registrert med adresse i eigedomsregisteret matrikkelen.
- Den offisielle adresse kan vere ei vegadresse eller ei matrikeladresse.
- I område utan klart vegsystem kan områdenamn nyttast som vegadresse (til dømes namn på hyttefelt med tilhøyrande adressenummer).
- Ei adresse som seier kvar staden ligg.

## Kva er vegadresse?

- Eit koordinatfesta veg-/ gatenamn med husnummer og eventuelt bustadnummer
- Vegadressa skal hjelpe publikum, redningstenester og andre å finne fram.

## Kva bygningar skal ha adresse?

Bygningar som blir brukt til bustadformål, fritidsformål, næringsverksemd, offentleg eller publikumsretta verksemd skal få tildelt offisiell adresse (meir informasjon i kommunane sine adresseforskrifter).

## **Kva er ei adresseeining ?**

- Alle faste bustader, bedriftslokale, fritidsbustader og i mange tilfelle tomter, vert definerte av lovverket som ei adresseeining.
- Adresseeininga vert tildelt ei offisiell adresse sett saman av vegnamn og husnummer.
- Er det fleire einingar med same ytterdør, nyttar ein i tillegg eit bustadnummer.

## **Kva er skilnad på offisiell adresse og postadresse?**

- Ei offisiell adresse er staden adresseininga ligg
- Postadressa er leveringsadressa for post. Postadressa kan også vere ein postboks (postboks og nr. i staden for veg-/gateadresse).
- Om ikkje anna er avtalt med Posten, er difor den nye vegadressa no også ny postadressa saman med postnummer og poststadnamnet.

## **Adresseforvaltning**

- Rådmannen er kommunen si adressestyresmakt og har ansvar for adresseforvaltninga i kommunen.
- Formannskapet/plan- og forvaltningsstyret/forvaltningsutvalet er kommunen si namnestyresmakt og har ansvar for namnsetting og gjer vedtak om skrivemåten av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn.

## **Val av offisielt adressenamn**

- Adressestyresmakta deler inn vegnettet og avgrensar område i adresseparsellar.
- Formannskapet vedtek vegnamn og områdenamn
- Kommunen prøver, så langt det er råd, å ta vare på kulturverdiar i lokale stadnamn. Det skal også takast omsyn til munnleg bruk av namna slik at ein unngår forvekslingar ved oppringing til redningsinstansar, tinging av transporttenester med meir.
- Før politiske organ i kommunen gjer sine vedtak, vert sakstilråding lagt ut til offentleg høyring.

## **Klagerett**

Vedtak om adressetildeling og endring kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova kapittel VI. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter motteke melding om vedtak. Klageinstans er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Matrikkellova § 46 bokstav f) gir klagerett på tildeling eller endring av offisiell adresse.


Matrikkelforskrifta § 22 avgrensar klageretten ved tildeling eller endring av offisiell adresse til:

- a) kva gate, veg eller liknande ein bygning eller eigedom skal ha adresse til
- b) kva adressetilleggsnamn eller matrikkeladressenamn som er tildelt adressa
- c) feil tildelt adressenummer eller brukseiningsnummer.

Vedtekne vegnamn kan ikkje påklagast.

## **Korleis vert nummer tildelt ?**

- Kommunen tildeler husnummer og eventuelt bustadnummer.
- Hovudregelen er at hus på høgre sida av vegen får oddetalsnummer og husa på venstre sida får partalsnummer.
- Hus i sidevegar utan eige namn vert nummerert som vist i figuren nedanfor.



- Ved spreidd busetnad nyttar ein avstandsnummerering. Her vert nummertildelinga rekna ut frå startpunktet til veggen rekna i 10-meter. Til dømes ei adresseeining som ligg på venstre side 400 meter frå der veggen startar, gjev nummer 40. Ligg huset på høgre sida får det nr 41. Ligg avkøyringa 18 km frå startpunktet, får huset husnummer 1800 om det ligg på venstre sida og 1801 om det ligg på høgre sida av veggen sett frå startpunktet.
- I område utan vegar/gater, til dømes hytteområde i utmark/fjellet, kan det gjennomførast såkalt "områdeadressering". Ein deler då til dømes hyttefelt inn i område og tildeler adressekode og adressenamn til kvart område. Nummerering blir gjort frå fremre venstre til bakre høgre.

## Skilting av adressene

- Adressene skal skiltast slik at ukjende skal finne fram også når det er mørkt.
- Kommunen er ansvarleg for oppsetting og vedlikehald av vegskilt og andre adresse-namnskilt for kommunale og private vegar.
- Statens vegvesen har ansvar for riks- og fylkesvegar.
- Huseigar har ansvar for å skilte adresseeininga.
- Skilta skal vere utforma i samsvar med gjeldande standard og plassert slik at dei er godt synlege.

## Melde frå om ny adresse

Kommunane informerer offentlege organ og verksemdar som Posten, Folkeregisteret, Skatteetaten, BKK, Telenor m fl om adressetildelinga. Huseigar har plikt til å informere leigetakar.

***Du må sjølv informere andre som treng vita om adressa di.***

## Endring av offisiell adresse

Kommunen kan endra tildelt(e) adresse(r). Dette vert gjort etter retningslinjer i regelverket og når kommunen finn det nødvendig.

Ei adresseendring er eit enkeltvedtak på linje med adressetildeling og blir varsla på same måte.

## Kven skal svare på spørsmål?

Kommunen du bur i, kan informere deg meir om tildeling av offisielle vegadresser.

Det blir publisert meir informasjon på kommunane sine nettsider.